



Fyresdal kommune

Arkiv: V60
 Saksmappe: 2008/474-2
 Saksbeh.: Aslak Momrak-Haugan
 Dato: 15.04.2008

Saksframlegg

Høyring - endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova, bestemmelsar om bu- og driveplikt m.m.

Utval	Utvalssak	Møtedato

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Høyringsbrev frå LMD vedkomande endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov – bestemmingar vedkomande bu- og driveplikt m.m., datera 05.02.08

Høyringsdokumentet i saka er tilgjengeleg på internett på adressa
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

Vedlegg:

Høyringsbrev frå LMD vedkomande endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov – bestemmingar vedkomande bu- og driveplikt m.m., datera 05.02.08

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt på høyring eit forslag til endring av føresegner om bu- og driveplikt i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Forslaget inneber mellom anna nye arealrammer for konsesjonsplikt og odelsrett, og vil føre til endringar i tre lovar som alle er sentrale for eigedomstrukturen og busettingsmønsteret i landbruket, og landet for øvrig. Dagens regelverk er komplisera, uoversiktleg og mykje basera på skjønnsmessige vurderingar. Føremålet med forslaget er å gjere regelverket enklare, meir tydeleg og målretta. Høyringsfrist er sett til 05.05.08.

LMD foreslår fylgjande endringar:

- At føresegna om buplikt etter hovudsak vert flytta til konsesjonslova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytta til jordlova.
- At buplikt skal oppstå etter erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, arealgrensa på 100 daa vert ellers som i dag.
- At kravet til odlingsjord vert 25 daa dyrka mark eller 350 daa produktiv skog.

- At det vert eit spørsmål om arealgrenser når ein skal vurdere om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil seie at ein verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjere ei konkret vurdering om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje om konsesjon, dvs at heimel til å søkje om fritak fell bort, og at ein må utarbeide nærare reglar for konsesjonsvurderingar i desse sakene.
- At ein må utarbeide nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
- At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett på eigedomen.
- At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig.
- At slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Høyringsinnstansane er bedne om å avgje uttale til endringsforslaget. I tillegg ynskjer LMD uttale om det ved erverv av utmarkseigedom bør krevast buplikt i kommunen.

Vurdering:

Sakshandsamar kommenterar her endringsforslaget punktvis, slik forslaget ligg føre i høyringsbrevet.

1. *At føresegna om buplikt etter hovudsak vert flytta til konsesjonslova, og at føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova vert flytta til jordlova.*

I dag er det gitt reglar om buplikt både etter konsesjonslov og odelslov. Dette har klårt ført til at bestemmelsane er meir komplisera enn nødvendig. Ved å flytte bestemmelsane til jordlova vert det enklare å utarbeide like reglar om buplikt, uavhengig av om ervervaren er nær slektning, eller har odelsrett, og dette vil også styrkje moglegheita for handheving av reglane. Driveplikta innarbeidast i ny form i jordlova, og dette vil tydeliggjere dei samfunnshensyn som ligg til grunn for driveplikta på ein betre måte enn i dag (tilsvarande skogbruket gjennom skoglova). Å flytte føresegna om buplikt frå konsesjonslov til jordlov vil såleis vere utelukkande positivt, og ei klår forenkling og forbetring av lovverket.

2. *At buplikt skal oppstå etter erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog.*

For eigedom som fyller arealkravet til odlingsjord og kan nyttas til landbruksdrift, jf odelsloven §1 og 2 oppstår i dag bu- og driveplikt. LMD har ved brev av 19.06.07 kome til at kriteriet "jord- og skogbrukseiendom" i konsesjonslovas § 5, 2. ledd skal tydst på samme måte som odelslovas kriterie om at eigedomen må "kunne nyttas til landbruksdrift". Begrepet "kan nyttas til landbruksdrift" syner seg å gjere det vanskelig for landbruksmyndigheitane å vurdere om reglane om bu- og driveplikt gjeld i saka. Gjennom forslaget ynskjer ein å samordne arealgrensene i odelslova og konsesjonslova. Departementet meiner ei slik felles arealgrense bør bygge på summen av fulldyrka og overflatedyrka jord, og vere grunnlag for både odling og buplikt. Omgrepet "jordbruksareal" i odelslova bør altså etter departementets syn erstattast med omgrepet "fulldyrka og overflatedyrka jord", og omgrepet "fulldyrka" i konsesjonslova endrast til det samme omgrepet for å få bestemmelsane like. Departementet foreslår at den felles arealgrensa for buplikt m.o.t. fulldyrka og overflatedyrka jord vert sett til 25 dekar. Den alternative grensa for buplikt (og odlingsjord) knyttast til produktiv skog, og er sett til 350 dekar. Sakshandsamar meiner forslaget isolera sett ut fra arealgrensen åleine, fører til at færre eigedomar enn i dag vil få buplikt. Når ein tek omsyn til at vilkåret "nyttast til landbruksdrift" sløyfast (der det har vært krav til økonomisk avkastning) vert verknaden vonaleg anneleis. Departementet

foreslår vidare at buplikta knyttast til "bebygd eiendom". Det vil difor ikke oppstå buplikt ved erverv av ubebygd eiendom. Sakshandsamar ser det utan tvil som positivt at buplikta knyttast til ei felles arealgrense utan skjønsmessige kriterie, og til ein felles regel for arealtype. Vidare er det positivt at arealgrensa aukast noko i forhold til dagens reglar, og at buplikta knyttast til bebygd eiendom.

3. *At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eiendom over 25 daa dyrka mark, arealgrensa på 100 daa vert ellers som i dag.*

Då omgrepet "fulldyrket" i konsesjonslova (sjå omtala punkt 2 ovanfor) er erstatta med "fulldyrka og overflatedyrka jord" vil fleire eigedomar enn i dag omfattast av konsesjonsplikt. Av jordregisteret for Fyresdal fell ein betydeleg del av arealet som i dag er i bruk i kategorien "overflatedyrka jord". Sakshandsamar meiner det difor er naturleg å kompensere dette med ei endring i arealgrensa, og departementet føreslår altså å auke denne frå 20 til 25 dekar. Dette vert då ei felles grense for buplikt og konsesjonsplikt m.o.t dyrka mark, og er igjen ei forenkling av dagens regelverk.

4. *At kravet til odlingsjord vert 25 daa dyrka mark eller 350 daa produktiv skog.*

Arealgrensene er igjen ei samkøyring med øvrige arealgrenser i lovverket, og forenkler handheving av lovverket. Likevel vert ikkje samkøyringa total, då kravet til odlingsjord kun støttar seg til arealgrunlaget, medan konsesjonsplikt og buplikt gjeld bebygd eiendom. Arealgrensene for kva som i dag er odlingsjord er låge, og Departementet har tidlegare uttala eit ynskje om at ein del av dei eigedomar ein i dag er i tvil om er odlingsjord, ikkje lengere skal kunne odlast. Kombinera med at det kun er areal, og ikkje bebygd eiendom som ligg til grunn for vurdering, meiner sakshandsamar gevinsten med ei samordning av arealgrenser ikkje er vesentleg. Ei høgare arealgrense for odling vil gje enklare og sikrere handel med tillegsjord, og sakshandsamar meiner ein med bakgrunn i dette godt kan heve arealgrensene for odlingsjord til t.d. 30 dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord eller 500 daa skog.

5. *At det vert eit spørsmål om arealgrenser når ein skal vurdere om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil seie at ein verken etter konsesjonslova eller odelslova skal gjere ei konkret vurdering om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".*

Framlegget medfører at den skjønsmessige vurderinga om det er buplikt/odlingsjord fell vekk, og vert erstatta av ei rein arealvurdering. Sakshandsamar ser dette som positivt, då desse skjønsmessige omgrepa har vore grunnlag for tolking og usemje for så vel grunneigarar som forvaltning og rettsvesen.

6. *At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje om konsesjon, dvs at heimel til å søkje om fritak fell bort, og at ein må utarbeide nærare reglar for konsesjonsvurderingar i desse sakene.*

Når eigaren ikkje oppfyller buplikten etter konsesjonslova § 5 eller odelslova § 27, fell betingelsane for konsesjonsfritt erverv bort. Både etter odelslova og konsesjonslova må ein i dag gå vegen om ei konsesjonssak før kommunen kan settje frist for ervervaren for å ordne forholdet (omgjering eller vidaresal). Dette gjeld sjølv om dispensasjonen er behandla som eigen sak, og buplikta i realiteten er avgjort i denne handsaminga. Ved å gå direkte på ei konsesjonssak vil ein raskare kome fram til et eventuelt pålegg om vidaresal som sanksjonsmiddel. Departementet meiner det er unødvendig at loven inneheld eigen bestemmelse om at det kan søkjast fritak frå buplikt. Den konkrete vurderinga om eigedomen bør bebuast eller ikkje kan foretakast allereie i konsesjonsvurderinga. Departementet meiner at om fritaksmoglegheita sløyfast, må eigaren bestemme seg raskere enn etter dagens regel. Også i Fyresdal kjenner vi til at buplikta ofte vert skuva fram i tid, og det søkjast på nytt etter nokre år.

Som tidlegare omtalt vil saksbehandlingstida frå ervervet skjer, til det føreligg ei endeleg

forvaltningsmessig avklaring kortast inn ved det framlagte forslaget, og sakshandsamar er samd i at dette er en fordel. Grunnen til at erververen må ha fritak kan imidlertid være mange, og sjølv om konsesjonsbehandling nok ikkje vil vere vesentlig meir arbeidskrevjande for kommunen, synes det unødvendig å måtte søkje om konsesjon om det kun er snakk om ei utsettjing på t.d. 1 år. Sakshandsamar meiner det vil vere hensiktsmessig at det opnast for å kunne søkje om utsettelse av buplikta for 2 år (fristen vil då verte 3 år etter ervervet). Om det ikkje er søkt om utsettjing, eller når utsettelsesperioden eventuelt er ute, må det då søkjast om konsesjon om buplikta då ikkje fyllast.

7. *At ein må utarbeide nærare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.*

Departementet foreslår at i dei ordinære konsesjonssaker (som ikkje gjeld slekt/odel) skal kommunen ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om buplikt, og om buplikta skal være personleg. Vidare meiner departementet at ein bestemming om når vilkår om buplikt er aktuelt, og i tilfelle om buplikta skal være personlig eller kan fyllast av andre, ikkje bør byggje på noko detaljert liste (oppramsing). Det er ei forutsetning at forvaltninga skal kunne utøve eit konkret skjønn m.o.t om buplikt er nødvendig. I fylge departementet er konsesjonsvilkår om boplikt aktuelt om omsyn til ei generell ivaretaking av eigedomens ressursar, busettjing eller kulturlandskap gjer seg gjeldande med ei viss tyngde. Det foreslås difor i høringsnotatet at også dette nemnast i ein ny paragraf lovteksta.

At en må vurdere det som nødvendig å sette vilkår om personlig boplikt er tidlegare fremma av departementet, og ei lovfesting av dette ser sakshandsamar på som ei formalisering av noko som allereie er gjeldande rett.

8. *At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett på eigedomen.*

Moglegheita for å oppfylle buplikta på eigedomen utan å vere registrert i folkeregisteret volder problem for forvaltninga. Den så kalla 50%-regelen har vore vanskeleg å fylgje opp, og det har krevd store ressursar om ein skulle fylgje sakene på ein forsvarleg måte. Ordninga er eksempel på reglar som lett kan omgåast, og LMD har difor oppfordra kommunane å nytte folkeregisteret for kontroll av oppfylling av buplikt. Denne praksis ynskjer no LMD å lovfeste. Sjølv om ein for Fyresdal sitt vedkomande har fleire tilfelle av slike "fiktive" innbyggjarar, ser sakshandsamar fordelene av klårare liner for forvaltninga. Ein er likevel avhengig av ressursar hjå Folkeregisteret til å "flytte" slike fiktive innbyggjarar om loven skal ha nokon funksjon.

9. *At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig.*

Føresegner om driveplikt heng saman med buplikt og går fram av konsesjonslov og odelslov, og fører i praksis til at det oppstår driveplikt ved erverv av landbrukseigedom i fem år (10 år ved odelsløyning). Driveplikta gjeld alt produktivt areal og kan fyllast ved bortleige etter bestemte vilkår. Vidare kan ein òg søkje om fritak frå driveplikta.

Departementet meiner at om driveplikta skal fungere sjølvstendig som et verkemiddel for å holde jordbruksarealet i hevd, er det ikkje tilstrekkeleg med driveplikt dei fem fyrste åra etter overtaking, men at driveplikta må utvidast til å gjelde heile eigarperioden. Sakshandsamar ser det fornuftig å knyte driveplikta opp mot vannhevdsparagrafen i jordlova, men meiner samstundes at jordlovas § 8 inneheld eit generelt forbud mot vanhevd av dyrka jord, og at vannhevd såleis også i dag er straffbart, også etter fem års driveplikt. Sakshandsamar stør likevel departementet i at ei varig driveplikt gjer det lettare å gripe inn overfor manglande drift, før jorda vert vannhevda.

10. *At slekkskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.*

Fyresdal Kommune har i dag nedsett konsesjonsgrense (konsesjonsgrense 0) etter konsesjonslova §7. Dette medfører konsesjonsplikt om ein t.d. ynskjer å nytte ein bustad til

fritidsføremål ved fritt sal. Departementet foreslår at kommunen kan avgjere om dette og skal gjelde nær slekt, som er unnateke i regelverket i dag. Forslaget vil innebære at søsken må søkje konsesjon ved arv av ein bustad etter sine foreldre om dei ikkje ynskjer å busette seg på staden, eller leige huset ut til andre som ynskjer å bu der. Fyresdal opplever i dag ein pressa husmarknad, der det er vanskeleg å oppdrive hus for sal eller utleige. Likevel ser ein fleire hus stå tome i heile kommunen, og mange av desse unngår konsesjonsplikt nettopp avdi dei overdragast innan slekt/familie. Ved å oppheve slektskapsgrunnlaget i kommunar med nedsett konsesjonsgrense, vil ein på denne måten kunne få fleire hus på sal, og med det meir busetting i kommunen.

Departementet ber til slutt om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom.

Spørsmålet her omfattar ubebygde skogeigedomar og ubebygde eigedomar utan produktive areal. Det kan vere tilfeldig om slike eigedomar er bebygd, men eigedomen i seg sjølv kan ha eit potensiale som kan nyttast for å styrkje busettinga i området. Sakshandsamar meiner likevel det bør vere tilstrekkeleg å busette seg i kommunen for å oppfylle buplikta på eigedomen.

Vedkomande areal som skal liggje til grunn for å krevje buplikt, bør ressursgrunnlaget vere av ein slik storleik at økonomisk forsvarleg drift kan nytte. Ressursgrunnlaget på slike eigedomar vil i stor grad vere knytt opp mot jakt og fiske, og eit areal lik 10.000 daa slik departementet foreslår er truleg i minste laget. Sakshandsamar har p.t ikkje oversikt over kor mange slike ubebygde eigedomar over 10.000 daa vi har i Fyresdal, men antek 8 – 10 stk. Sakshandsamar meiner klårt at ein ikkje bør gå under forslaget til LMD om 10.000 daa nedre grense, då slike eigedomar ikkje vil gje tilfredstillande avkastning som sjølvstendig eining.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal Kommune gir fylgjande uttale vedkomande LMD's framlegg til endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov, samt føresegner om bu- og driveplikt.

1. Føresegna om buplikt flyttast til konsesjonslova, og føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova flyttast til jordlova. *(i tråd med forslag)*
2. Buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog. *(i tråd med forslag)*
3. Konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, og at arealgrensa på 100 daa vert som i dag. *(i tråd med forslag)*
4. At kravet til odlingsjord setjast til 30 daa dyrka mark og 500 daa produktiv skog. *(ikkje i tråd med forslag)*
5. At arealgrenser skal danne grunnlaget når ein skal vurdere om det oppstår buplikt, eller om det dreiar seg om odlingsjord. Omgrepa "jord- og skogbrukseigedom" og "kan nyttast til landbruksdrift" fell ut. *(i tråd med forslag)*
6. At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje om konsesjon. Eigar kan likevel søkje om utsetting av buplikta inntil to år, og kun ei gong. Om ikkje tilflytting då skjer, må vedkomande søkje konsesjon. *(ikkje i tråd med forslag)*
7. At det vert utarbeida nærare reglar for vurdering av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon. *(i tråd med forslag)*
8. At buplikta kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett i kommunen. *(i tråd med forslag)*
9. At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig. *(i tråd med forslag)*
10. At slektskapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense. *(i tråd med forslag)*

Vedkomande spørsmål om buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom, meiner Fyresdal Kommune det bør innførast buplikt på ubebygde skogeigedomar og ubebygde eigedomar utan produktive areal, som har areal over 10.000 daa. Buplikta gjeld då i kommunen, og ikkje nødvendigvis på eigedomen.

Handsaming i Hovudutvalet for landbruk og teknikk - 24.04.2008

Det blei gjort følgjande endringar:

Punkt 1. Føresegna om buplikt flyttast til konsesjonslova, og føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova flyttast til jordlova. (i tråd med forslag)

Punkt 2. Buplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog. (i tråd med forslag)

Det kom forslag om endring i seiste avsnitt i innstilling frå rådmannen:

Vedkomande spørsmål om buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom, meiner Fyresdal Kommune det bør innførast buplikt på ubebygde skogeigedomar og ubebygde eigedomar utan produktive areal, som har areal over 5.000 daa. Buplikta gjeld då i kommunen, og ikkje nødvendigvis på eigedomen.

Ved avstemming blei endring i seiste avsnitt i innstilling frå rådmannen samrøystes vedteke.

Ved avstemming i endring i punkt 1 og punkt 2 blei dette samrøystes vedteke.

Vedtak i hovudutval for landbruk og teknikk- 24.04.08

Fyresdal Kommune gir følgjande uttale vedkomande LMD's framlegg til endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov, samt føresegner om bu- og driveplikt.

11. Føresegna om buplikt flyttast til konsesjonslova, og føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova flyttast til jordlova. (i tråd med forslag)
12. Buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog. (i tråd med forslag)
13. Konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, og at arealgrensa på 100 daa vert som i dag. (i tråd med forslag)
14. At kravet til odlingsjord setjast til 30 daa dyrka mark og 500 daa produktiv skog. (ikkje i tråd med forslag)
15. At arealgrenser skal danne grunnlaget når ein skal vurdere om det oppstår buplikt, eller om det dreiar seg om odlingsjord. Omgrepa "jord- og skogbrukseigedom" og "kan nyttast til landbruksdrift" fell ut. (i tråd med forslag)
16. At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje om konsesjon. Eigar kan likevel søkje om utsetting av buplikta inntil to år, og kun ei gong. Om ikkje tilflytting då skjer, må vedkomande søkje konsesjon. (ikkje i tråd med forslag)
17. At det vert utarbeida nærare reglar for vurdering av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon. (i tråd med forslag)
18. At buplikta kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett i kommunen. (i tråd med forslag)
19. At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig. (i tråd med forslag)
20. At slekshapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense. (i tråd med forslag)

Vedkomande spørsmål om buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom, meiner Fyresdal Kommune det bør innførast buplikt på ubebygde skogeigedomar og ubebygde eigedomar utan produktive areal, som har areal over 5.000 daa. Buplikta gjeld då i kommunen, og ikkje nødvendigvis på eigedomen.

Handsaming i Kommunestyret - 24.04.2008

Framlegg frå Saamund Gjersund/Gunhild Slyngstad:

Fyresdal kommune stiller seg i hovudsak positiv til dei endringsframlegg som ligg føre, men vil innleiingsvis peike på at intensjonen om likebehandling og forutsigbarhet innafor ei ramme med ein stor grad av lokalpolitisk handlingsrom må vere målet. Det må bare unntaksvis vere høve til overprøving av det lokale skjønnet, og då der dette klart avvik i høve ein godkjent strategi-plan for kommune si forvatning av dette lovverket.

Til dei enkelte punkt:

1. Som forslag.
2. Samordning av jord – skog ressursar. Buplikt ved erverv av eigedom over 25 da dyrka jord eller 250 da produktiv skog eller areal tilsvarande dette der 1 da dyrka jord tilsvarar 10 da produktiv skog. (alt. 35 da + 350 da). Slik unngår ein urettferdig behandling ved for eksempel 24 da dyrka jord og 340 da skog slepp medan bare 25 da dyrka jord får buplikt.
3. Som forslag
4. Som 2.
5. Som forslag
6. Som forslag
7. Som forslag, føresett høve til lokale reglar.
8. Som forslag, men i ei konsesjonshandsaming kan ein i ein kommunal "strategi" opne for at buplikta kan vere oppfylt dersom eigaren er busett i kommunen.
9. Som forslag, men kunne krevje dyrka jorda stilt til disposisjon for aktive brukarar som ynskjer det, sjølv om det ikkje er "lønsamt".
10. Som forslag

Fyresdal kommune meiner det må vere høve til i ein lokal plan å utarbeide ein strategi som inneber buplikt i kommunen ved erverv av større utmarkseigedomar. Arealgrensene må her kunne fastsetjast lokalt, men eigedomen må kunne ha ein viss næringsmessig betyding.

7 røysta for framlegget

Endringsframlegg frå Senterpartiet v/ Kjell Sverre Thoresen:

Som vedtak i hovedutvalet med fylgjande endringar:

Punkt 6: At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at adgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærmare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella. (I tråd med forslag)

Punkt 8 : At buplikta kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett på eigedomen(i tråd med forslag)

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret – 24.04.2008

Fyresdal Kommune gir fylgjande uttale vedkomande LMD's framlegg til endring i odelslov, konsesjonslov og jordlov, samt føresegner om bu- og driveplikt.

21. Føresegna om buplikt flyttast til konsesjonslova, og føresegnene om driveplikt etter konsesjonslova flyttast til jordlova. *(i tråd med forslag)*
22. Buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 daa dyrka mark, eller over 350 daa produktiv skog. *(i tråd med forslag)*
23. Konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bygd eigedom over 25 daa dyrka mark, og at arealgrensa på 100 daa vert som i dag. *(i tråd med forslag)*
24. At kravet til odlingsjord setjast til 30 daa dyrka mark og 500 daa produktiv skog. *(ikkje i tråd med forslag)*
25. At arealgrenser skal danne grunnlaget når ein skal vurdere om det oppstår buplikt, eller om det dreiar seg om odlingsjord. Omgrepa "jord- og skogbrukseigedom" og "kan nyttast til landbruksdrift" fell ut. *(i tråd med forslag)*
26. At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje om konsesjon, dvs. at adgangen til å søkje fritak frå buplikt fell bort, og at det gjevast nærmare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella. *(i tråd med forslag)*
27. At det vert utarbeida nærare reglar for vurdering av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon. *(i tråd med forslag)*
28. At buplikta kan oppfyllast ved at eigaren vert registrera i folkeregisteret som busett på eigedomen. *(i tråd med forslag)*
29. At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig. *(i tråd med forslag)*
30. At slekscapsunntaket kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense. *(i tråd med forslag)*

Vedkomande spørsmål om buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom, meiner Fyresdal Kommune det bør innførast buplikt på ubebygde skogeigedomar og ubebygde eigedomar utan produktive areal, som har areal over 5.000 daa. Buplikta gjeld då i kommunen, og ikkje nødvendigvis på eigedomen.

Ketil Kiland	
rådmann	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef

